

Saksnr 40/21	Utval Formannskapet	Møtedato 01.09.2021
37/21	Kommunestyret	30.09.2021

VEDTAK AV PLANPROGRAM - KOMMUNEDELPLAN FOR E39 - HEIANE - ÅDLAND/NORDRE TVEITA

Framlegg til innstilling:

Kommunestyret fastset i medhald av plan- og bygningslova § 11-13, jf. §§ 4-1 og 4-2 planprogram for kommunedelplan for E 39 Heiane – Ådland/ Nordre Tveita, datert 04.08.2021.

Formannskapets behandling av sak 40/2021 i møte den 01.09.2021:

Forslag

Hilde Hildal **Utbetring av eksisterande trasè.**
Hauglid

Vedtak

Kommunestyret fastset i medhald av plan- og bygningslova § 11-13, jf. §§ 4-1 og 4-2 planprogram for kommunedelplan for E 39 Heiane – Ådland/ Nordre Tveita, datert 04.08.2021.

Behandling

Tilrådd med 8 røyster, mot ei røyst (Sv) som røysta for eige framlegg.

Hilde Hildal Hauglid Framlegg frå Hilde H. Hauglid (Sv):

Vårt primære standpunkt i denne saka bør vera godt kjend for dei fleste:

Me går for ei utbetring av eksisterande trasé.

Me ser at Hordfast og ferjefri E39 slik ein til no har lagt opp til ikkje er eit framtidsretta og berekraftig samferdsleprosjekt, og at det kolliderer fullstendig med lokale, regionale, nasjonale og internasjonale mål om klima, natur- og miljøvern.

Eit prosjekt der ein gjer seg avhengig av ein massiv auke av biltrafikk, der ein byggjer ned og raserer natur, er etter vårt syn håplaust utdatert og eit brotsverk mot komande generasjonar.

Måten me bur på, forflyttar oss på og arbeider på er i relativt rask endring, og verda og framtida skrik ikkje etter å få køyra i 110 km/t på 4felts motorveg gjennom verneverdig natur.

Det vil sjølvstund ikkje seia at me ikkje ser at det er viktig med trygge vegar. Det er vel gjerne det at me prioriterer trygge og tenlege vegar, gul stripe og rassikring framfor megalomane utbyggjingar.

Me opprettheld det same framlegget som i fleirfaldige tidlegare møte:

Ny E39 skal fylgja traseen til eksisterande E39.

Verken alternativ 2 eller 4 er aktuelle slik me ser det, og me vil heller ikkje røysta for nokon av dei.

Sigbjørn Framnes

Framlegg frå Sigbjørn Framnes (Frp):

Kommunestyret opprettholder vedtatt plan for strekninga E39 Heiane - Ådland. Kommunestyret ber administrasjon jobbe for best mogleg avbøtande tiltak for Landåsen i møta med SVV.

Røysting:

Framlegg frå Hauglid (Sv) fall med 30 røyster, mot 5 røyster (Sv, R, Mdg og V).

Framlegg frå Framnes (Frp) fall med 29 røyster, mot 6 røyster (Frp og Grundtvig Uavh.)

Innstilling frå formannskapet vedteke med 33 røyster (Ap, Frp, H, Uavh, Krf, R, Mdg, V og Sp), mot 2 røyster (Sv) som røysta for eige framlegg.

Vedtak:

Kommunestyret fastset i medhald av plan- og bygningslova § 11-13, jf. §§ 4-1 og 4-2 planprogram for kommunedelplan for E 39 Heiane – Ådland/ Nordre Tveita, datert 04.08.2021.

Rådmannen, 27.07.2021

Dokumentliste

X	27.04.2021		Meknadsskjema for høyring av planprogram - Kommunedelplan for E39 - Heiane - Ådland/Nordre Tveita
X	28.07.2021		MERKNADSSKJEMA FOR HØYRING AV PLANPROGRAM - KOMMUNEDDELPLAN FOR E39 - HEIANE - ÅDLAND/NORDRE TVEITA
S	11.01.2021		Oppstart og utlegging av planprogram til høyring - Revidering av kommunedelplan for E39 - Heiane - Ådland/Nordre Tveita og plan
X	19.02.2021		Særutskrift Oppstart og utlegging av planprogram til høyring - Revidering av kommunedelplan for E39 - Heiane - Ådland/Nordre Tveita og plan
U	23.02.2021	Statens Vegvesen Region Vest	Oppstart av planarbeid og offentlig ettersyn av planprogram - Kommunedelplan for E39 - Heiane - Ådland/Nordre Tveita
U	23.02.2021	annonse@sunnhordland.no	Oppstart av planarbeid og offentlig ettersyn av planprogram - Kommunedelplan for E39 - Heiane - Ådland/Nordre Tveita
I	08.03.2021	STATSFORVALTAREN I VESTLAND	Fråsegn - Oppstart av planarbeid og offentlig ettersyn av planprogram - Stord - kommunedelplan for E39 - Heiane - Ådland/Nordre Tveita
I	04.03.2021	Sunnhordland - Bente Brandvik	Stord Kommune - korrektur
I	05.03.2021	Sunnhordland - Bente Brandvik	Ny korrektur
U	10.03.2021	firmapost@vegvesen.no	Ber om møte - Kommunedelplan for E39 - Heiane - Ådland - Stord kommune
I	16.03.2021	Vegvesen - Lars Ottar Sagstad	Kommunedelplan for E39 - Heiane - Ådland - Stord kommune
U	16.03.2021	Statens vegvesen m.fl.	Oppstart av planarbeid og offentlig ettersyn av planprogram - Kommunedelplan for E39 - Heiane - Ådland/Nordre Tveita
I	16.03.2021	STATENS VEGVESEN BERGEN KONTORSTED	Kommunedelplan for E39 - Heiane - Ådland - Stord kommune
U	16.03.2021	Lars Ottar Sagstad	Oppstart av planarbeid og offentlig ettersyn av planprogram - Kommunedelplan for E39 - Heiane - Ådland/Nordre Tveita
X	19.04.2021	Gaute Straume Epland	E39 - Heiane - Ådland - Stord kommune
I	19.04.2021	NTL VEG REGION VEST-45-03	Kontaktpersoner E39 Heiane - Ådland saknr 20/250
I	22.04.2021	Johannes Njåsen	rev til stord kommune med forslag og protest til e39 fylling over ådlandsvatnet
I	22.04.2021	NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT (NVE)	NVE sitt innspel - Varsel om planoppstart - Høyring av planprogram - Kommunedelplan for E39 - Heiane - Ådland/Nordre Tveita
I	22.04.2021	Statens vegvesen	Uttale til oppstart av planarbeid og offentlig ettersyn av planprogram - Kommunedelplan for E39 - Heiane - Ådland/Nordre Tveita
I	23.04.2021	Hallgeir Matre	Uttale frå Naturvernforbundet kjem 29.04.21 - Kommunedelplan for E-39 Heiane - Ådland/Nordre Tveita
I	23.04.2021	Kjell Håvard Sævareid	Kommentarar og forbetningsforslag - E9 kommunedelplan Heiane - Ådland / Høyringsnotat frå Frugarden
I	23.04.2021	Bjarte Husum	Uttale frå grunneigargruppa - Høyring av planprogram, kommunedelplan for E39 - Heiane-Ådland/Nordre Tveita
I	26.04.2021	Vestland fylkeskommune	Fråsegn til oppstart med planprogram - kommunedelplan for E39 - Heiane - Ådland/Nordre Tveita - Stord kommune
I	26.04.2021	Birger Taranger	Planprogram for kommunedelplan- E39- heiane-Ådland/Nordre Tveita
I	26.04.2021	STORD-FITJAR TURLAG	Høyringsinnspel
I	29.04.2021	Naturvernforbundet på Stord	Kommentar, kommunedelplan

U	19.05.2021	John Tønnesen	Spørsmål om regulering
U	19.05.2021	John F. Tonnessen	Spørsmål om regulering
X	20.05.2021		Referat - Møte Statens vegvesen - Kommunedelplan for E39 - Heiane - Ådland
S	06.05.2021		Planprogram - Kommunedelplan for E39 - Heiane - Ådland/Nordre Tveita
X	11.06.2021		Særutskrift Planprogram - Kommunedelplan for E39 - Heiane - Ådland/Nordre Tveita
S	11.06.2021		Planprogram - Kommunedelplan for E39 - Heiane - Ådland/Nordre Tveita
X	11.06.2021	Lovise Vestbøstad	Notat - Utkast til Planprogram E39 Heiane- Ådland/Nordre Tveita - 11.06.2021
U	11.06.2021	Statens Vegvesen Region Vest	Avgrensa 2. offentlig ettersyn - Planprogram - Kommunedelplan for E39 Heiane - Ådland/Nordre Tveita
U	14.06.2021	John F. Tonnessen	spørsmål knytt til kommunedelplan for E39 Heiane-Ådland
U	15.06.2021	John F. Tonnessen	spørsmål knytt til kommunedelplan for E39 Heiane-Ådland
I	21.06.2021	Statens vegvesen	Uttale til avgrensa 2.offentleg ettersyn - E39 Heiane - Ådland / Nordre Tveita - Kommunedelplan - Stord kommune
I	09.07.2021	STATSFORVALTAREN I VESTLAND AVD BERGEN	Avgrensa 2. offentlig ettersyn - planprogram - Stord - E39 Heiane - Ådland / Nordre Tveita - kommunedelplan - ref 14/6322 FMHO
S	27.07.2021		Vedtak av planprogram - Kommunedelplan for E39 - Heiane - Ådland/Nordre Tveita

Vedlegg:

- 1 Planprogram E39 rev040821
- 2 MERKNADSSKJEMA FOR HØYRING AV PLANPROGRAM - KOMMUNEDELPLAN FOR E39 - HEIANE - ÅDLAND/NORDRE TVEITA
- 3 Referat - Møte Statens vegvesen - Kommunedelplan for E39 - Heiane - Ådland
- 4 Avgrensa 2. offentlig ettersyn - planprogram - Stord - E39 Heiane - Ådland Nordre Tveita - kommunedelplan - ref 14 6322 FMHO
- 5 Uttale til avgrensa 2.offentleg ettersyn - E39 Heiane - Ådland / Nordre Tveita - Kommunedelplan - Stord kommune

Bakgrunn for saka

Stord kommune ved formannskapet handsama planprogrammet til kommunedelplan for E39 – Heiane – Ådland/Nordre Tveita i møte 09.06.21. Det vart her fremja eit forslag om ei trinnvis utbygging der det fyrst skulle byggast ut 2 felt og deretter 2 felt til dersom det vart trong for det i høve til Bømlafjordtunnelen.

Vedtaket var som følgjer:

« Vedtak

Formannskapet bed om at fylgjande tillegg vert teke inn i planprogrammet: Planarbeidet skal vurdere om alternativ 2 kan byggjast i to byggjetrinn. Planarbeidet skal planlegge for firefelts veg i tråd med rammene for E39, men fyrste byggjetrinn av strekninga Heiane – Ådland skal vera tofelts veg i påvente av endeleg avgjerd på kvar tunnel under Bømlafjorden skal kome ut i dagen. Eit evt. andre byggjetrinn vil vera å utvide til firefelts veg der dette er i samsvar med etablering av tunnel under Bømlafjorden. Føremålet med endringa er ved etablering av Hordfast å byggje trafikksikker veg fram til Heiane med reduserte kostnader i høve full utbygging av denne strekninga. Løysinga tek også høgde for at viktig friluftsområde kan vernast for framtida dersom denne parsellen ikkje vert del av framtidig E39 etter etablering av ny Bømlafjordtunnel. Dersom ny Bømlafjordtunnel kjem opp ved Ådland, er det truleg tilstrekkeleg med tofelts veg i/forbi Landåsen».

Planprogrammet vart sendt på ei avgrensa høyring og vert her lagt fram for endeleg vedtak i kommunestyret.

Saksutgreiing

Målet med dette planarbeidet er å utarbeide ein kommunedelplan som skal danne grunnlag for detaljplanlegging og utbygging av Europaveg 39 mellom Heiane og Ådland. Konkret er føremålet å vurdere alternativ 2 opp mot alternativ 4 i vedteken kommunedelplan.

Det ligg ein vedtatt kommunedelplan for det som vert omtala som alt. 4. Stord kommune vedtok 28.04.2016 alt. 5, men Statens vegvesen hadde motsegn til dette alternativet grunna høgt kostnadsnivå. Saka gjekk difor til Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) som vedtok alt. 4.

I møte med Kommunal og moderniseringsdepartementet 27.11.2018 viste Stord kommune til at alternativ 4 har ei stor overvekt av negative verknadar på naturmangfald og friluftsliv, og at det i tillegg opnar opp for ei utbygging nordover for eksisterande E39. På bakgrunn av dette er det eit sterkt lokalt ynskje om å sjå på alternativ til gjeldande plan. Det vart i det opphavelige planarbeidet vurdert 5 ulike alternativ. Kommunen ynskjer å vurdere eitt av desse alternativa, alternativ 2, opp mot alternativ 4 i vedtatt plan. Kommunen fekk aksept frå departementet for å vurdere alt. 2 opp mot vedtatt kommunedelplan.

Det skal planleggast ein europaveg med høgare vegstandard enn i dag, slik at det vert lagt til rette for meir effektiv transport og at ein får eit høgare tryggleiksnivå for dei vegfarande. Veganlegget skal på ein god måte ta omsyn til lokale trafikktilhøve.

Den utløysande faktoren for at planlegginga er sett i gang, er eit lokalt behov for raskast mogleg utbetring av E39. No vert ny E39 planlagt vidare nordover og sørover for aktuell delstrekning, og heile E39 over øya Stord må sjåast i samanheng. Stord kommune har ein kompakt utbyggingsstruktur, og bandlegging av areal for ny infrastruktur har store

konsekvensar for anna arealforvaltning i kommunen. Det er då viktig at rett trasé er bandlagt.

Kommunedelplanen skal fastsette framtidig trasé, og andre overordna prinsipp (kryssplassering, prinsipp for handtering av kollektivtrafikk og løysing for gang- og sykkeltrafikk), for E39. I tillegg skal planen sikre areal til framtidig E39 mot utbygging.

Utgangspunktet er at vurderingane av konsekvensane i førre planprosess er gode nok til at dei kan leggest til grunn for denne planprosessen.

Høyring av planprogrammet

Planprogrammet har vore ute til høyring i to rundar, og innkomne merknader er vist under. 1. gongs offentleg ettersyn var frå 23.02.2021-23.04.2021. Det kom inn 9 merknader frå private og offentlege. Merknadane er vist i eit samandrag i vedlegg 1.

Kort summert så omhandlar merknadane følgande tema:

1. Vurdering av løysing for kryssing av Ådlandsvassdraget

Fleire av innspela peikar på at eit større fylling ved kryssing av Ådlandsvatnet kan gje store negative konsekvensar for landskap, naturmangfald, friluftsliv og for vassdraget som heilskap. Det har kome innspel om at det må etablerast bru og nokre av innspela peikar på at denne bør vera på to felt.

Kommentar

I gjeldande kommunedelplan er det vist til at korleis ein skal krysse Ådlandsvatnet skal vurderast i påfølgande reguleringsplanen, og ikkje i kommuneplanprosessen. Korleis kryssing av Ådlandsvatnet skal skje vil difor ikkje bli vurdert på kommuneplannivå og det er såleis ikkje grunn for å endra planprogrammet på dette punktet.

2. Tilhøve til kunnskapsgrunnlaget og konsekvensutgreiing

Kommunal og moderniseringsdepartementet og Statsforvalteren har i møte vist til at gjeldande kunnskapsgrunnlag er tilfredstillande til å vurdere eit nytt alternativ. Statsforvaltaren har likevel peika på at kommunen må vurdere om noko av kunnskapsgrunnlaget treng oppdatering. Statens vegvesen har vist til at det må utførast ny transportmodellberekning, gjennomgang av ikkje-prisette konsekvensar og ny vurdering av kostnads- og effektberekning.

Kommentar

Kommunen vil gjera ei vurdering av om eksisterande kunnskapsgrunnlag er godt nok og om det er naudsynt med nye analyser eller vurderingar. Dette ligg alt inne i forslag til planprogram. Innspela til Statens vegvesen til 1. gongs offentleg ettersyn ligg allereie i utkast til planprogram. Merknaden frå Statens vegvesen til 2. offentleg ettersyn er kommentert i eige kapitel under.

3. Tilhøve til utslepp av forureining

Det er kome inn fleire merknader knytt til ureining i anleggsfase og driftsfase. Dette er særskild knytt til utslepp til vassdraget frå fylling og frå bruk av vegen.

Kommentar

Det vil verta lagt føringar som skal ivareta omgjevningane i høve til uønska hendingar knytt til utslepp av ureining. Konkret kva tiltak som skal setjast i verk må avklarast i planprosessen. I driftsfasen er det Statens vegvesen som er ansvarleg, og som må vurdere naudsynte tiltak. Det er såleis ikkje grunn for å endra planprogrammet på dette punktet.

4. Vurdering av endra alternativ

Fleire av innspela er knytt til at planen må vurdere 2-feltsveg, endra tunnelalternativ eller må ta opp att trasè alt. 5.

Kommentar

Dei overordna rammene frå Statens vegvesen for europavegen er at denne strekninga skal planleggast med 4 felt. Kommunen vil ha det som ramme for kommuneplanarbeidet.

I tillegg var det i førre runde motsegn mot alt. 5. Ettersom det var knytt motsegn til alt. 5 vil ikkje kommunen ta opp at dette alternativet, og rådmannen gjer ikkje framlegg om at planprogrammet vert endra.

Avgrensa 2. offentleg ettersyn

Etter formannskapet sitt vedtak 9. juni vart planprogrammet sendt på ei avgrensa høyring til regionale styresmakter. Det kom inn to uttaler. Statsforvaltaren er positiv til at Stord kommune har tatt opp planarbeidet for endring av trase for E 39 Heiane-Stord, og at kommunen i planprogrammet legg opp til vegløysingar som kan avgrense naturinngrepa.

Statens vegvesen viser til at formannskapet sitt vedtak ikkje vil vera i tråd med gjeldande kommuneplan eller forutsetningane for planlegging av ny E39. Dei viser til at endringane vil vera fordyrande for prosjektet og at berre 2 felt ikkje vil vera dimensjonert for kommande trafikkmengde, og med det ikkje i tråd med vegnormalane. Dei ber om at planprogrammet vert endra slik at det er i tråd med føresetnadene som ligg i gjeldande kommunedelplan.

Vurdering

Kommunen må i planarbeidet leggja opp til vegløysingar som kan avgrense naturinngrepa. Ny firefelts E39 over Stord vil leggja belag på mykje areal, og vil råka friluftsliv og andre interesser. Rådmannen meiner det er rett, slik formannskapet legg opp til, og avventa full utbygging til traseen i samband med ny tunnell under Bømlafjorden er fastsett. Dette kan også gje reduserte kostnader. Samstundes er det naudsynt å snarast få på plass ein trafikksikker veg Heiane-Ådland.

Det er likevel slik at uavhengig av om det vert bygd ut trinnvis eller om heile vegen vert bygd ut samla, så skal kommunedelplanen vise full utbygging med fire felt innanfor dei same rammene som gjeldande kommunedelplan. Rådmannen meiner såleis at spørsmålet om trinnvis utbygging ikkje treng hansamast i arbeidet med kommunedelplanen. Kommunen kan arbeida med dette parallelt, med sikte på å få til ei trinnvis løysing i samband med detaljplanlegginga/prosjekteringa.

Uttalen frå vegvesenet er også vesentleg og kan slik rådmannen ser det vera grunnlag for ei motsegn. Å gjennomføre ein planprosess der det er ein mogleg konflikt med regionale styresmakter kan føre til ein vesentleg auke i ressursbruk og tidsbruk. Rådmannen meiner at det å ha planvedtak på ny trase over Stord snarast vil vera ein styrke for å posisjonera prosjektet i høve til å verta prioritert i transportplanen og at det difor er av stor betydning å få på plass kommuneplanen så snart som råd.

Økonomiske konsekvensar

I førre planprosess stod Statens vegvesen for ein stor del av arbeidet med utarbeiding av plan og nytta sine ressursar til dette. I denne prosessen, som omhandlar ei vurdering av alternativ 2, er det lagt til grunn at kommunen tek ein større del av arbeidet.

Kommunen hadde møte med Statens vegvesen 20. mai i år. Statens vegvesen var her tydelig på at dei ikkje hadde mandat til å gå inn med ressursar i planprosessen, men at dei kunne gå inn med fagleg bistand i tillegg til at dei kunne oppdatere noko av det kunnskapsgrunnlaget som gjekk på deira fagfelt. I tillegg viste dei i møtet til at detaljeringsgraden på planen måtte vise ein trasè, men at det ikkje var trong for detaljert vegplanlegging.

Statens vegvesen har i sin uttale til planprogrammet vist til at det må utarbeidast transportmodellberekningar og ny kostnads- og effektberekning. I tillegg peikar dei på at dei ikkje-prisette konsekvensane må vurderast på ny. Rådmannen oppfattar at Statens vegvesen i stor grad vil ta oppdatering av dette kunnskapsgrunnlaget, jf. vedlagt møtereftrat. I tillegg har Statens vegvesen vist til at der det er gjennomført endringar i

vegnormene eller andre sentrale føringar for utforming av infrastrukturen, kan dei ta ein stor del av den oppgåva.

Den økonomiske konsekvensen er at kommunen må ta ein del av arbeidet med å vurdere og oppdatere kunnskapsgrunnlaget i planen. Statens vegvesen har bedt om ein arbeidsplan for å sjå på kva og i kor stor grad dei kan bidra.

Det er usikkert kva kostnaden med dette vil vera men ein må anta at ein del av arbeidet må utførast av konsulent. Det bør difor setjast av minst kr. 300 000,- til konsulentarbeid knytt til vurdering av eksisterande kunnskapsgrunnlag og oppdatering av dette for 2021 og kr. 200.000 i 2022.

Dette forutset at Statens vegvesen tek oppdatering av kunnskapsgrunnlaget knytt til sine fagfelt og at det ikkje er trong for ny kartlegging av naturmangfald eller kulturminne.

Finansiering er avklart i revidert budsjett juni 2021, der det er sett av midlar, jf. punkt over.

Miljømessig konsekvens

Miljømessige konsekvensar er utgreidd i gjeldande konsekvensutgreiing. Det vil verta vurdert om denne skal supplerast i kommande planprosess.

Folkehelse

Folkehelse er utgreidd i gjeldande plangrunnlag. Det vil verta vurdert om denne skal supplerast i kommande planprosess.

Beredskap

Beredskap er utgreidd i gjeldande konsekvensutgreiing. Det vil verta vurdert om denne skal supplerast i kommande planprosess.

Konklusjon

Rådmannen viser til vurderinga over og rår til at planprogrammet vert vedteke slik det ligg føre.